

**Kvinnherad Mållag skal ha årsmøte måndag 21. april i Rosendal.
I tillegg til vanlege årsmøtesaker skal Øystein Skjeveland ha innlegg om bruk av nynorsk i næringslivet.**

Øystein Skjeveland er frå Stord og driv i dag verksemda Norsk økois i Herøysundet. Produksjonen startar opp med det fyrste.

Han har før vore leiar i Hordaland Mållag og har markert seg sterkt med innleiingar om nynorsk marknadsføring.

Målblomen 2008 vert på årsmøte delt ut til ei verksemd/organisasjon som brukar nynorsk medvite i lysingar, marknadsføring og elles i alt skriftleg tilfang internt og mot brukarane.

Møte er ope for alle interesserte.